



Uskedalsbønder på nydyrkingsfelt har stor vilje til satsing.

Situasjonen i landbruket var eit viktig tema då Kvinnherad KrF hadde årsmøtet sitt i Uskedalen og møtet heldt fram at ordningane i landbruket ikkje kan skiftast ut umiddelbart. Det kan ikkje skje før ein har alternative ordningar og avtalar som sikrar mat på bordet og bønder som driv jordbruket også i framtida.

Møtet konstaterte at ordningane i dag er utarbeidde og framforhandla over lang tid med tanke på matproduksjon og jordvern, Endrar ein desse stykkevis og delt utan å ha auge for heilskapen står ein i fare for å gjera endringar som det ikkje er råd å snu. Kvinnherad KrF vil peika på alvorret som kviler på regjeringa i desse spørsmåla.

Partiet ser verdien av å ha eit aktivt landbruk og trur på fornying av næringa gjennom mellom anna større vekt på drift med sauer og geiter, auka mjølkeproduksjon, dyrking av kvalitetsfrukt og utnytting av skogen.

Partiveteranen Ingebrigt Sørfonn slo fast at ein treng denne næringa for at det framleis skal bu folk på bygdene. Han viste til at nesten heile den nordre delen av Sverige no er meir eller mindre avfolka.

Politikken for landbruket her i landet kvilar på 4 pillarar - det er jordbruksavtala, samvirket, importvernet og marknadsreguleringa. Hvis landbruket skal dekkjast over statsbudsjettet og konkurrere med alle andre behov vert det ikkje mykje att til denne næringa, sa Sørfonn, som var skremt av signala frå regjeringspartiet FrP

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen